

Statsforvaltarens tilråding til  
Miljødirektoratet om vern av skog for

Ånås, Kviteseid kommune

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,  
oktober 2024

## Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag .....	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	3
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING .....	5
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	5
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen .....	5
2.3	Forvaltningsmyndighet .....	6
3.	VIKTIGE ENDRINGER UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN .....	6
3.1	Namn.....	6
3.2	Avgrensing.....	6
3.3	Verneforskriftene.....	6
4.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR .....	6
4.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	6
4.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	7
4.3	Avvegning skogvern – skogbruk.....	7
4.4	Forvaltningsmynde .....	7
5.	Skildring av området med merknader .....	8
1.	Ånås, Kviteseid kommune.....	8

## 1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av Ånås naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er eit nytt naturreservat.

Tilrådinga omfattar 4018 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 3430 dekar, og av dette er 3185 dekar produktiv skog. Skogdata er oppgitt av AT Skog og skogareal er rekna ut i UTM sone 33. Totalt verneareal i UTM sone 32 er 4002 dekar.

Områda som blir foreslårte verna, er:

1. Ånås i Kviteseid kommune, Telemark fylke

### 1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfold, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitenskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane  
*a (variasjonsbreidda av naturtyper og landskap),  
b (artar og genetisk mangfold),  
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).*

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjoner.*
- *Økosistema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua arter og naturtyper skal utslyppast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtyper skal betras.*

Opprettig av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfold artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne dette naturområdet mot ulike typar inngrep, gir verneområdet også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfold, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

### 1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslårte verneområdet inkluderer viktige naturtyper og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslårte verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området mellom anna knytt til ein raudlista naturtype og førekommstar utanfor denne, som vil bidra til å fylle manglar i vernet. Samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Brynjulvsrud, J. G. 2021. *Naturverdier for lokalitet Grytdalen NR (utv. Ånås), registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktark. BioFokus.* (Weblink til alle bildene fra lokaliteten: <https://biofokus.no/narin/?nid=7921>).

Det viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst og ulike typar utbyggingar. Vern av det foreslårte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døy ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og der den som skadar miljøverdiar betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med liten grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærmare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtalen av Ånås verneområde i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

### 1.3 Andre interesser

#### Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar innanfor verneforslaget for Ånås.

Følgjande område grensar ikkje til regulert vassdrag, men ligg nær Telemarksvassdraget (Bandak).

Det er i fylge NVE kartlagt fleire potensiell digitale småkraftverkprosjekter i tilknyting til Ånås.

#### Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor verneforslaget Ånås, jf. uttale frå DMF.

### 1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i Kviteseid kommune sin arealplan.

## 2. SAKSHANDSAMING

### 2.1 Sakshandsamingsprosesser

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring
Ånås naturreservat	22.04.2020	19.05.2023	04.07.2024

Frist for uttale til høyringa var 01.09.2024.

Tilbod om vern kom frå fem grunneigarar via AT Skog.

### 2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtala og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for Ånås naturreservat frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

### 2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

## 3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

### 3.1 Namn

Det har under høyringa ikkje kome innspel som foreslår endring av namn for Ånås.

### 3.2 Avgrensning

Det er ikkje gjennomført endringar i avgrensningar for Ånås gjennom verneprosessen. Endringane blei gjort før området blei sendt på oppstart.

### 3.3 Verneforskriftene

Det er etter høyringa gjennomført nokre endringar i forslaget til verneforskrift. Dette kjem av innspel under høyringa, mellom anna frå ein grunneigar som ynskjer å ta ut eit areal på ca. 3 daa fordi dei ynskjer å ha moglegheit til å bygge opp att ei nedrast tømmerkoie. Same grunneigar ynskjer å ha moglegheit til å transportere materialar, gass og ved til den gjenoppbygde koia. Statsforvaltaren har vurdert at det er hensiktsmessig å ta arealet ut av verneforslaget, samstundes som ein innrettar forskrifta slik at dei kan søkje om løyve i medhald av forskriftas § 7 til å frakte materialar, gass og ved til koia med snøscooter. Eit vilkår for eit slikt løyve vil vere at ein gir løyve til eit bestemt tal turar og at den som får løyve må rapportere til Statsforvaltaren når turane er gjennomført.

## 4. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

### 4.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av

verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnssnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

#### 4.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området.

#### 4.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltingstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grøne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Ånås som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigarane før 1. februar 2022. området blir difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet.

#### 4.4 Forvaltningsmynde

Statsforvaltaren har i samband med høyringa ikkje fått stadfesta at Kviteseid kommune ønskjer å overta forvaltningsmynde for Ånås. Statsforvaltaren sende 20.08.2024 ein e-post til Kviteseid og bad om ei tilbakemelding på om dei ønskjer å overta forvaltningsmynde. Høyringsdokumentet for Ånås blei sendt ut 04.07.2024 med frist for fråsegner 01.09.2024. Statsforvaltaren har ikkje motteke svar frå Kviteseid kommune under arbeidet med tilrådingsdokumentet, noko som kan ha å gjere med at saka må behandlast politisk. Viss Statsforvaltaren får svar frå kommunen etter at vi har oversendt tilrådinga til Miljødirektoratet, vil vi ettersende dette.

## 5. Skildring av området med merknader

### 1. Ånås, Kviteeid kommune

Totalareal 4018 dekar

Skogareal totalt 3430 dekar

Produktiv skog 3185 dekar

*Skogdataene for skogareal totalt og produktiv skog er levert fra AT Skog, som har rekna ut areal med sone 33 som grunnlag.*

#### Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifa er å verne eit skogområde som representerer ein bestemt type natur på grunn av førekommst av lågurtedellauvskog, blandingsskogar og gamal barskog med naturskogspreng. Området har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av rikeleg med død ved, og førekommst av ei rekke sjeldne og truga artar av karplanter, lav, moser og sopp.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Teksten om verneverdiar er henta frå kartleggingsrapporten som er skrite på bokmål.  
Statsforvaltaren har ikkje oversatt den til nynorsk.

Ånås er et område med variert topografi og ligger i sørboreal (60%) og mellomboreal (40%) vegetasjonssone i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon O1 og overgangsseksjonen OC.

I de høyreliggende områdene i avgrenset areal dominerer fattige vegetasjonstyper med blåbærvegetasjon i forsenkninger og en gradering fra bærlyng- til lyngvegetasjon på grunnlendte arealer og koller, i tillegg til noe lavvegetasjon. Spredte flater med fattig myr og myrkantmark forekommer også i de høyreliggende områdene. I de høyreliggende områdene veksler dominansen i tresjiktet mellom gran og furu, og i tillegg inngår boreale løvtrær.

I de høyreliggende områdene dominerer hogstmoden og gammel barskog, og det er i partier en god del død ved. Kontinuiteten er imidlertid generelt svakere i disse områdene.

I de lavereliggende lisidene, særskilt i øst og dels i sør, forkommer en del arealer med rike vegetasjonstyper og her inngår en betydelig andel lågurt- og bærlyng-lågurt-vegetasjon, samt svak lågurt- og bærlyng-lågurtvegetasjon. Gran er det dominerende treslaget i det meste av de lavereliggende områdene, men det inngår også bjørk, rogn, selje, noe osp og gråor i liten grad, og i varierende grad edelløv som hassel, lind (stedvis dominerende), spisslønn og ask. Sentralt i lavereliggende områder i øst forekommer også en del eik (stedvis dominerende) og alm.

I de lavereliggende områdene i søndre deler av området dominerer eldre granskog, dels i sammenbrudd i store deler. Det er en god del død ved i disse områdene, men kontinuiteten er svak. I sentrale deler i øst er skogen eldre og det er rik treslagsfordeling, og rikelige mengder med død ved av de fleste slag og bred spredning i nedbrytningsstadier. I tillegg forekommer en god del hule løv- og edelløvtrær. I dette området finnes også to svake bekkeklofter og det er forholdsvis stor variasjon i skygge/eksponering, samt stabilitet i luftfuktighet.

Impediment dominerer i avgrenset areal, men det forekommer partier med høy bonitet øst og sør i området. Hogstmoden og overaldrig skog dominerer i avgrenset areal, men det forekommer også mindre partier med relativt ung og strukturfattig skog.

Det ble avgrenset 6 kjerneområder hvorav 5 er innenfor avgrenset verneverdig areal. Den rødlistede naturtypen lågurtedellaувskog (VU) forekommer i kjerneområde 2 og i mosaikker i kjerneområde 4.

Totalt er 17 rødlistede arter (1 EN, 6 VU, 10 NT) registrert innenfor avgrenset verneverdig areal. Av rødlistede arter foruten barlind (VU), ask (VU), og alm (VU) er rosenkjuk (NT), rynkeskinn (NT) og gubbeskjegg (NT) vanlig forekommende i området. I tillegg er sprikeskjegg (NT) og grønnsko (NT) påvist på gran, og oksetungesopp (NT) og ruteskorpe (NT) påvist på eik. Blanknål (NT) ble påvist på furu vest for Høvrebekken. Fra før er dråpekjuk (VU), øyekrittlav (VU), edellundlav (VU), stuvkraterlav (EN), hasselurlav (NT) og svartsonekjuk (NT) påvist øst i området. Utover dette ble lungenever påvist flere steder i øst, begerfingersopp ble påvist på osp og svovelkjuk på eik. Rotnål (NT) ble påvist på furu vest for Ånås utenfor foreslått verneverdig areal.

Det er et videre potensial for krevende arter knyttet til død ved, hulheter i løvtrær og strukturelementer på gamle bar- og løvtrær. I tillegg er det et potensial for krevende markboende sopp på lågurtmark med eik, hassel og lind

De største biologiske verdiene i området er knyttet til kjerneområde 4, men dette området opptar til gjengjeld en forholdsvis stor andel av avgrenset areal. Området vurderes samlet å være i nedre sjiktet av **nasjonalt verneverdig** (\*\*\*)

Området oppnår høy mangeloppfyllelse på mangelnaturtyper som følge av over 50 daa rik blandingskog i lavlandet og i tillegg en andel alm-lindeskog som begge har stort udekket vernebehov i Telemark. Området oppnår middels mangeloppfyllelse på generelle mangler som følge av over 250 daa lavlandsskog, over 25 daa høybonitetsskog og over 25 daa biologisk gammel skog i sør boreal sone. Området oppnår samlet **middels mangeloppfyllelse**.

Ånås ligg i nærleiken av andre verneområde kor det både finst tilsvarende naturtypar og dessutan andre naturtypar. Blant desse er det og fleire område med stort samanhengande areal (Grytdalen, Brokefjell og Mørkvassjuvet, der dei to sistnemnde er under utvidingsprosess). Det inneber at desse områda innehalar ein stor variasjon av viktige naturtypar. Saman vil desse områda danne grunnlag for eit økologisk nettverk i denne delen av Telemark. Statsforvaltaren er likevel usikker på i kor stor grad utveksling av artar skjer mellom desse naturreservatene basert på avstanden mellom dei.

#### **Inngrepsstatus og andre interesser:**

Det er ein traktorveg i søraust og ein i vest. Det går ein sti inn i området frå søraust over Hyvre. Det ligg ei gammal nedrast koie i nærleiken til stien, sjå kapittel 3.3. Ellers er det ingen kjente tekniske inngrep.

#### **Samandrag av høyringsfråsegagnene:**

Verneplanen blei sendt på høyring saman med fire andre område i Telemark. Nedanfor er det lista opp mottakarar for alle desse fem områda. Mottakarlista omfattar grunneigarar i Ånås (ikkje med her), og lokale, regionale og sentrale lag, foreiningar, organisasjonar og etatar. Følgjande mottakarar har motteke høyringa:

Telemark fylkeskomme, Kviteseid kommune, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Bø turlag, Bø løypelag v/ Thorkildsen, Gvarv turlag, Midt-Telemark sopp- og nyttevekstforening, Bø Orienteringslag, Bø skogeierlag, Bø klatrekubb, Sauherad jeger- og fiskeforening, Seljord skogeigarlag, Seljord turlag, Seljord jakt- og fiskelag, Sundsbarm Kraftverk DA, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid løypelag, Kviteseid turlag, Kviteseid skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, Birdlife Indre Telemark v/Kjell Bitustøyl, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Telemark Nett AS, Føre AS, Midt-Telemark Energi AS, DE Nett AS, Akershus Energi Vannkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Foreining, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådenes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 9 høringsfråsegner til verneforslaget. Vi har tatt med fråsegner til oppstartsmeldinga når vedkommande instans kun har kome med uttale til den (Forsvarsbygg og Landbruksdirektoratet).

Språkrådet har gitt uttale, men har ikkje merknader.

Lede AS seier at dei ikkje har områdekonsesjon i Kviteseid kommune, der verneområdet for Ånås naturreservat tenkast plassert. Dei ber difor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, DE Nett AS, for uttale. Lede skriv vidare at dei ikkje har anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innanfor kommunen.

BaneNor SF har gitt uttale, men har ikkje merknadar til verneforslaget.

Norges Geologiske Undersøkelse har kome med uttale til den felles høyringa for fleire område, men ikkje gitt uttale til Ånås.

Statnett har kome med uttale til høyringa og seier at dei ikkje har merknadar til verneforslaget.

Forum for natur og friluftsliv Telemark har kome med ein generell uttale til den felles høyringa, der dei ikkje har gitt konkret uttale til det einskilde område som var på høyring.

Direktoratet for mineralforvaltning seier at dei ikkje hadde merknadar til melding om oppstart av verneplanprosess for Ånås naturreservat. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske

ressursar eller bergettare i området sidan dette. DMF har ikkje merknadar til høyringa av verneplan for Ånås. DMF seier i fråsega si at dei har kontakta NGU, jamfør ovanståande.

Anne-Bjørg Haugan og Odd-Gustav Haugan, på vegne av Kristoffer Haugans dødsbo, gnr./bnr. 20/4 har kome med uttale som handlar om eit ønske om å kunne bygge opp att ei nedrast tømmerkoie innanfor verneforslaget. I samband med dette ønsker dei å ta ut eit areal på ca. 3 daa, og dei viser og til at det går ein sti inn mot denne koia. Dei ønsker og at stien inn mot koia ikkje skal synleggjera. Denne stien er ein avstikkar av stien over Hyvre, som blir vedlikehalden av Kviteseid turlag. Dei seier og at dei reknar med at transport av nødvendige materialar inn til koia/hytta blir innvilga for scooter eller helikopter. Dei ønsker også moglegheit til å frakte gass og ved til koia/hytta med scooter etter søknad.

Norges vassdrags- og energidirektorat uttalar at det innanfor det foreslårte verneområdet Ånås er kartlagt fleire digitale potensielle småkraftverkprosjekter. Dei seier vidare at De Nett AS som er områdekonsesjoner har blitt oppfordra om å utale seg i vern av Ånås, men at dei ikkje har nytta seg av moglegheita. I høyringsbrevet ber NVE om at De Nett AS uttalar seg om eksisterande og fremtidige prosjekter i området sjølv i tilfelle utan konfliktar. NVE skriv følgjande i uttalen sin til oppstartsmeldinga for Ånås, dagsett 05.07.2023:

*«DE Nett AS har områdekonsesjon. Det er kartlagt flere digitale potensiale småkraftverk i det foreslårte verneområdet i Kvernbekken. Samlet er det et årlig produksjonspotensial på 2,25 GWh/år fordelt på 2 prosjekter. Det ene potensialet utgjør 0,79 GWh/år og har en utbyggingskostnad på 7,5 NOK/kWh (2022-priser). Sammenlignet med andre kraftverk som har fått konsesjon, men som ikke er bygget blir dette digitale småkraftpotensialet vurdert til å ligge blant de 20% dyreste prosjektene. Mens det andre potensialet utgjør 1,46 GWh/år og har en utbyggingskostnad på 5,6 NOK/kWh (2022-priser). Dette småkraftpotensialet er vurdert til å ligge nær gjennomsnittet av konsesjonsgitte vann- og vindkraftprosjekter.»*

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdelsvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarenens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Ånås, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konfliktar med verneforslaget, og bad om at det blei teke naudsynte unnatak for militær operativ verksemnd. Forsvarsbygg bad vidare om at det særskilte unnataket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifta, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemnd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

#### **Statsforvaltarens kommentarar:**

Til fråsegn frå Lede AS vil Statsforvalteren kommentere at det ikkje har kome uttale frå DE Nett AS, som og vart oppfordra av NVE til å uttale seg.

Til fråsegn frå Anne-Bjørg Haugan og Odd-Gustav Haugan vil Statsforvaltaren imøtekome deira ønske om å ta ut eit areal på ca. 3 daa i samband med at dei ønsker å reise opp att ei tidlegare koie. Stien

inn til koia må inn i vernekartet. Stien over Hyvre kan ryddast og vedlikehaldas som tidlegare sjølv om området blir verna. Dette går fram av forskrifta sin § 4 bokstav e.

Når det gjeld ønske om å kunne frakte inn ved, materialar og utstyr til ein framtidig hytte, har Statsforvaltaren konferert med Miljødirektoratet om denne problemstillinga. Miljødirektoratet seier at det ikkje er ønskjeleg å ta inn ei fråsegn i forskrifta som opnar for motorferdsle for frakt av utstyr til noko som ikkje eksisterer i dag. Vidare seier Miljødirektoratet at det vil vere mogleiheit for å søke om dispensasjon etter § 48 dersom det i framtida vil bli gjenoppført koie, og det er behov for motorisert ferdsel for transport av utstyr til denne. Statsforvaltaren har forstått det slik at trasèen for å frakte slikt utstyr vil følgje eksisterande sti inn i området (vist i vernekartet) når det ikkje har kome fram ein alternativ trasé under verneprosessen. Statsforvaltaren meiner at man då må frakte utstyr på snødekt mark for å unngå køyreskader på barmark.

Til fråsegn frå NVE forheld Statsforvaltaren seg til at grunneigarane har kome med tilbod om frivillig vern og har ikkje fått signaler under verneprosessen om at dei har andre planar for området når det gjeld vasskraftutbygging.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg stol/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Ånås, jf. § 6.

#### **Namn**

Statsforvaltaren tilrår namnet Ånås naturreservat som i høyringsforslaget.

#### **Avgrensing**

Etter høyringa er det tatt ut eit areal på ca. 3 daa på eigedom gnr./bnr. 20/4. Arealet for verneforslaget er 4002 daa (rekna ut frå sone 32). Statsforvalteren tilrår avgrensinga med denne endringa.

#### **Verneforskrift**

Det er gjort ein justering i forskrifta § 7 etter høyring. I høyringa var det gløymd å ta med ein eigedom som no er lagt til i forskifta. Det gjeld gnr./bnr. 20/2. Ut over det tilrår Statsforvalteren verneforskrifta som i høyringsforslaget.

#### **Statsforvalterens tilråding:**

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

#### **Vedlegg:**

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Ånås naturreservat i Kviteseid kommune

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner